

Funksjonsskildring

for prosjekt:

Miljøsanering og riving av Blomvåg skule



Innhald

1 Generelt.....	3
1.2 Prosjektering.	3
2. Miljøsanering og ombrukskartlegging.....	3
3. Riving	4
3.1 Avslutning mot gjenstående bygningsmasse	4
4. Tilbakefylling i byggegrop og terrenghandsaming	5
5. Avfallsplan og rapportering	6
5.1 Fråkopling av straum	6
5.2 Fråkopling av vatn og avlaup	7
5.3 Fråkopling tele/data	7

1 Generelt

Arbeidet omfattar riving av Blomvåg skule. Skulen består av fleire byggjetrinn, der følgjande bygningsmasse inngår i riveomfanget: eldste del frå 1963 med tilhøyrande tilbygg frå 1992, samt modulbygg etablert i 1995 og 2006.

Vedlagt kartskisse syner nærare avgrensing av bygningsmassar som skal rivast. Rivearbeidet omfattar alle tilhøyrande konstruksjonar, installasjonar og bygningsdelar innanfor definert omfang.

Arbeidet inkluderer gjennomføring av nødvendig miljøsanering i samsvar med gjeldande lov og forskrift, samt klargjering og planering av tomt for vidare bruk.

Cowi AS har utarbeid ein miljøsaneringsrapport for aktuell bygningsmasse. Denne skal leggest til grunn for planlegging og gjennomføring av arbeidet.

Lausøyre i bygga skal fjernast av entreprenør. Endeleg omfanget vert avklart med utgangspunkt i synfaring.

Oppdraget skal gjennomførast som totalentreprise i samsvar med NS8407. Valt entreprenør har ansvar for vidare prosjektering basert på eksisterande grunnlag, samt utføring av miljøsanering og rivearbeid.

Opsjon på riving av mur bak modulbygga

Det vert teke atterhald om opsjon på riving av eksisterande mur bak modulbygga. Opsjonen omfattar riving av eksisterande mur og etablering av ny mur med tilhøyrande gjerde, i same utføring og standard som støttemur med gjerde som skal etablerast i samband med riving av bygget frå 1963. Det vert på eit seinare tidspunkt teke stilling til om opsjonen skal gjerast gjeldande.

1.2 Prosjektering.

Totalentreprenør er ansvarleg for prosjektering og anskaffing av naudsynte rådgjevartenester. Totalentreprenøren koordinerer og leier prosjekteringa slik at prosjektet si planlagde framdrift vert tatt i vare.

2. Miljøsanering og ombrukskartlegging

Det vert vist til vedlagt miljøsaneringsrapport utarbeidd av Cowi AS. Entreprenør pliktar å halde seg til denne og disponere riveavfall, helse- og miljøfarlege stoff i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Miljøkartlegginga er utført i stikkprøveform. Det kan vere helse- og miljøskadeleg bygningsmateriale skjult i konstruksjonen som ikkje er kartlagt og det kan vere behov for meir kartlegging.

Rivearbeida skal gjennomførast etter prinsippa for miljøvenleg riving, kor det vert lagt stor vekt på omsyn til omgivnaden, fjerning av helse- og miljøskadelege stoff samt stor grad av sortering og gjenvinning av riveavfall. Avfall skal merkast før rivinga startar opp.

Alle funn av helse- og miljøskadelege stoff skal så langt det er mogleg vere sanert før rivinga vert iverksett. Dette skal dokumenterast med bilete, evt. Analyser og tekst som skildrar gjennomføring av tiltak.

Entreprenør har ansvar for å ta ut materiell, komponentar og utstyr under saneringa som byggherre ser naudsynt til gjenbruk i eigne bygg. Dette vert avklart i detaljprosjekteringa.

3. Riving

Entreprenør har ansvar å søkje om løyve til riving hos byggesak og ha all kontakt med naudsynte instansar i forbindelse med riving av bygg.

Rivinga skal gjennomførast på ein trygg måte både for arbeidarar og omgjevnaden. Bygningen si integritet må vurderast før entreprenør riv dei berande konstruksjonane. Det skal veljast ein metode som tek omsyn til dette og er i samsvar med lov og regelverk. Alle konstruksjonar og installasjonar frå råka bygningsmasse skal fjernast. Også fundament og ringmur.

Opsjon på riving av mur bak modulbygga

Det vert teke atterhald om opsjon på riving av eksisterande mur bak modulbygga. Opsjonen omfattar riving av eksisterande mur og etablering av ny mur med tilhøyrande gjerde, i same utføring og standard som støttemur med gjerde som skal etablerast i samband med riving av bygget frå 1963. Det vert på eit seinare tidspunkt teke stilling til om opsjonen skal gjerast gjeldande.

3.1 Avslutning mot gjenståande bygningsmasse

Totalentreprenør skal prosjektere og foreslå løysing for avslutning mot den delen av bygningsmassen som skal stå att etter riving. Det må dokumenterast korleis resterande bygningsmasse vert ivareteken med omsyn til konstruksjon, klimaskilje, brann og estetikk.

Det skal etablerast ny yttervegg mot eksisterande bygg som vert ståande. Løysinga skal sikre tilfredsstillande tetting, isolasjon og teknisk kvalitet i samsvar med gjeldande krav. Eksisterande heis med heisopning mot yttervegg skal tettast igjen som ein integrert del av ny yttervegg.



4. Tilbakefylling i byggegrop og terrenghandsaming

Tomta skal tilbakefyllast, planerast og etterlatast i ein trygg og stabil tilstand. Terrenget skal utformast slik at det ikkje medfører fare for personar eller omgjevnader. Graveskråningar skal tilpassast og avsluttast på ein måte som sikrar tilstrekkeleg stabilitet og som hindrar ras og utgliding.

Etter riving av modulbygga frå 1995 og 2006 skal området ferdigstillsat med asfaltdekke i same høgde som tilstøytane terreng og eksisterande flater, slik at det oppnår ei jamn og funksjonell overflate.

Ved riving av bygning frå 1963 skal det etablerast støttemur med tilhøyrande gjerde, om lag 20 meter frå eksisterande bygning frå 2005 mot sør. Tiltaket skal ivareta stabilitet i terreng og sikre område med høgdeforskjell. Mur og gjerde skal utførast tilsvarende løysing som på framsida av eksisterande bygg. Resterande byggegrop etter den rivne bygningen frå 1963 skal tilbakefyllast og ferdigsstillast med asfaltdekke.

Leikeplass på eigedomen sitt sør-austre hjørne skal fjernast. Resterande leikeapparat og falldempande underlag skal demonterast og sanerast i samsvar med gjeldande krav for avfallshåndtering.

Uteplassen bak modulbygga frå 1995 og 2006 skal rivast og fjernast i sin heilskap, og området etterlatast rydda.

5. Avfallsplan og rapportering

Totalentreprenør skal før oppstart av sine arbeider utarbeide komplett avfallsplan og sluttrapport. Avfallsplanen skal sei noko om korleis dei forskjellige bygningsdelane skal behandlast. Riving skal gjennomførast selektivt med kjeldesortering av avfallet. Materiale og komponentar som kan brukast om igjen skal leverast til ombruk. Miljøfarleg avfall skal behandlast med omhug. Alt avfall skal leverast til godkjent deponi. Dette skal dokumenterast.

Sluttrapporten skal leverast til oppdragsgjevar før sluttrekning vert betalt. Sluttrapport skal innehalde:


- Avfallsplan. Denne skal returnerast ferdig utfylt med reelle avfallsmengder påført.
- Kvitteringar frå godkjente avfallsmottak.
- Foto av riveprosessen.

5.1 Fråkopling av straum

Bygget er kopla til straum. Entreprenør skal forsikre seg om at straumen i bygget er fråkopla før arbeider med å gjerne elektriske installasjonar og installasjonsdelar vert starta. Entreprenør er ansvarleg for påvising og fjerning av kablar og annan infrastruktur i grunnen.


Det skal framleis vere straumtilførsel til bygningsmasse som står att.

Totalentreprenør skal nytte autorisert elektrikar for fråkopling av straum.



5.2 Fråkopling av vatn og avlaup

Vatn og avlaup må koplast frå den delen som skal rivast. Gjenståande bygningsmasse skal framleis vere tilkopla vatn og avlaup. Totalentreprenør skal bruke autorisert røyrleggar for plugging av vatn og avlaup.



5.3 Fråkopling tele/data

Entreprenør skal kople frå tele/data som bygget må være forsynt med.